

Vår dato 29.01.2004
Dykkar dato 30.09.2003
Vår referanse 2003/910
Dykkar referanse 200307611-/ANG

Sakshandsamar
Leon Aurdal
Innvalstelefon
70 16 12 57

 HØGSKOLEN
I ÅLESUND

Utdannings- og forskningsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

UFD		
30 JAN. 2004		
Sak:		Arkivkode
200307611	78	50

HØYRING – NOU 2003: 25 NY LOV OM UNIVERSITET OG HØGSKOLAR

Vi viser til høyringsbrev av 30.09.2003 om ny lov for universitet og høgskolar (Ryssdalutvalet), og til høyringsmøtet om Ryssdalutvalet 12.01.03. Styret for Høgskolen i Ålesund (HiÅ) behandla saka i styremøte 18.12.03.

Høyringsuttalen frå Høgskolen i Ålesund konsentrerer seg i første rekke seg om dei punkta der det er usemje mellom fleirtalet og mindretalet i utvalet. Det vil seie forhold som tilknytingsform til staten og styringsform ved dei statlege institusjonane.

Innleiingsvis bør det likevel framhevast at det er viktig å få ei felles lov for private og statlege høgere utdanningsinstitusjonar på område som faglege fullmakter, tilsettingsforhold, studentane sine rettar og plikter og institusjonane sitt ansvar for læringsmiljøet.

Tilknytingsform

Høgskolen i Ålesund vil vise til at staten har spela ei heilt sentral rolle i utvikling og oppbygging av høgere utdanning i Noreg, og at dette har vore eit sentralt verkemiddel både i nasjonsbygging, og i dei seinare åra ikkje minst for å styrke utviklinga i distrikta. Etablering av distriktshøgskolane og Universitetet i Tromsø rundt 1970 er gode eksempel på statlege initiativ der høgere utdanning har vore av vesentleg betydning for utviklinga i distrikts-Noreg. Samstundes har også staten vore ein garantist for den akademiske fridomen ved institusjonane ved at staten som eigar i lova har fråskrive seg retten til å instruere institusjonane når det gjeld innhaldet i undervisning og forskning.

Gjennom Kvalitetsreforma i høgere utdanning, det nye finansieringssystemet og etablering av NOKUT har staten v/departementet gitt frå seg svært mykje av den direkte faglege styringa av institusjonane i høgere utdanning. Spesielt gjeld dette dei statlege høgskolane som ved dette er komne meir på linje med universiteta når det gjeld akademisk og økonomisk sjølvstyre. Dette er ei utvikling som vi meiner har vore svært positiv for høgskolane. Ved etablering av sjølvvegande institusjonar får vi i prinsippet ei likestilling mellom private og det som no er statleg eigde utdanningsinstitusjonar. Vi vil understreke at private høgere utdanningsinstitusjonar også i framtida bør vere eit supplement til dei statlege institusjonane. Dei noverande statlege institusjonar bør også i framtida ha ei særstilling som statlege institusjonar, og vil ved det også kunne stå sterkare i ein eventuell internasjonal konkurranse om utdanningstilbod.

Ved fleirtalet sitt forslag fråskriv staten seg også i all hovudsak den politiske styringa av høgere utdanning. Høgskolen i Ålesund ser dette som uheldig. Når den politiske styringa blir borte vil andre styringsmekanismer fylla dette tomrommet, og vi er redd for at dette kan føre til at dei større institusjonane kan få enno sterkare posisjon i høgere utdanning enn dei har i dag. Eit forhold som kan føre til ein konsentrasjon om større einingar lokalisert til større befolkningsentra. Det kan også føre til at mindre

\\ans-fil\users\la\ryssdal-brev.doc

Postadresse
Høgskolen i Ålesund
N-6025 Ålesund
Norway

Besøksadresse
Larsgårdsvegen 2
Internett
www.hials.no

Telefon 70 16 12 00
Telefax 70 16 13 00
Epostadresse
postmottak@hials.no

Bankkonto
7694 05 00636
Foretaksregisteret
NO 971 572 140

lønsame studietilbud, som det kan vere viktig av nasjonale omsyn å halde i gang, blir lagt ned. I 200 år har Staten spela ei aktiv rolle i utvikling av høgre utdanning i Noreg. Etter vårt syn vil ei vidareføring av noverande tilknytingsform der høgre utdanningsinstitusjonar er statlege forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, gi ein god kombinasjon av opningar for statleg styring og institusjonell fridom.

Styresamansetjing og intern styring

Både fleirtalet og mindretalet i Ryssdaluvalet vil ha studentar og tilsette med i styret i tillegg til eksterne representantar. Høgskolen i Ålesund meiner at når studentane skal vere med, bør dei ha høve til å stille med to representantar, og at styret bør dimensjonerast ut frå dette. Høgskolen hadde i valperioden 2000-2003 eksternt styrefleirtal, og hadde berre gode erfaringar med dette. Vår erfaring er at det nesten aldri oppstod motsetningar mellom eksterne og interne representantar. Det kan heller vere at med mange interne representantar kan det oppstå motsetningar mellom interne representantar som opptrer som talsmenn for ulike fraksjonar ved institusjonen i styret. Med bakgrunn i våre erfaringar bør det i alle fall opnast for eksternt fleirtal i institusjonsstyra.

Etter gjeldande lov er rektor leiar for styret og har på vegner av styret det overordna ansvar for og leing av institusjonen. Direktøren er leiar for den samla administrasjonen, førebur saker for styret, er sekretær for dette og er ansvarleg for at vedtak blir sett i verk. Direktøren blei tidlegare tilsett av departementet. Denne tidlegare tilsetjingsprosedyren førte til at ei oppfatning av ei todelt leing, ei administrativ tilsett av departementet og ei fagleg valt av dei tilsette, og der desse to var likestilt. Dette har nok skapt uklare oppfatningar av rollene til rektor og direktør både internt ved institusjonane og i forhold til eksterne samarbeidspartnarar, og ha nok også i mange tilfelle vore opphav til konflikhtar mellom rektor og direktør. Dette er mellom anna bakgrunnen for at fleirtalet vil samle både den administrative og faglege leiinga hos ein rektor som blir tilsett på åremål. Rektor går ut av styret, og styreleiar blir valt mellom dei eksterne medlemmene av styret.

Høgskolen i Ålesund er redd for at dette vil svekke styret sin posisjon ved institusjonen. Ved at rektor både er styreleiar og den øvste daglege leiar ved høgskolen eller universitetet, har styret ein direkte kanal inn til den daglege leiinga av institusjonen. Etter som rektor ikkje kan ta over direktøren sine oppgåver og samstundes vere leiar for styret, finn vi det meste tenleg at ein held fram med rektor og direktør som i dag, men at ein klarare definerer rollene og ansvarsområdet for desse stillingane.

Gratisprinsippet


Både fleirtalet og mindretalet vil lovfeste prinsippet om at høgre utdanning ved statlege utdanningsinstitusjonar skal vere gratis. Fleirtalet går inn for at ein berre kan krevje eigenbetaling i den utstrekning utdanningstilbodet ikkje er fullfinansiert av staten, medan mindretalet går inn for at statlege utdanningsinstitusjonar berre kan krevje eigenbetaling av studentar for etter- og vidareutdanning. Når det gjeld fulltidsstudentar vil Høgskolen i Ålesund støtte mindretalet sitt syn, men meiner at det må kunne opnast for å ta eigenbetaling når det gjeld deltid- og fjernundervisningsstudentar og når det gjeld utdanning på bachelor nivå. Å avgrense høvet til å ta eigenbetaling berre til etter- og vidareutdanning vil vere svært uheldig. Det vil i praksis kunne føre til at høgskolar og universitet ikkje vil kunne gi tilbod til vaksne, som ønskjer å skaffe seg formell kompetanse gjennom deltidstudium eller fjernundervisning, utan at dette blir gitt gratis. I dei fleste tilfelle vil slike tilbod måtte gjevast i tillegg til dei ordinære tilboda som ein har finansiering til over løyvinga i statsbudsjettet.

Utvalet av studentar

I § 1.6 går fleirtalet inn for at institusjonane ikkje kan instruerast om utvalet av studentar. I dette kan det ligge at institusjonane sjølve kan fastsetje krav til opptak på ulike utdanningstilbod. Dette kan bli svært uheldig og skape kaos i forhold til opptaket av studentar. Reint praktisk vil det nok gjere ordningar som t.d. samordna opptak, vanskeleg. Vi har i dag ei ordning med vurdering etter realkompetanse og inntak etter

særskild søknad. Desse ordningane kan også vere i fare dersom ein frå sentralt hald ikkje skal kunne gi føringar når det gjeld t.d. opptak av funksjonshemma ved høgre utdanningsinstitusjonar.

Med venleg helsing
HØGSKOLEN I ÅLESUND


Karl Johan Skårbrevik
Rektor
ks@hials.no